



Arbeiderpartiet



Valle Arbeiderparti Program 2023–2027

**ME VIL SKAPE MEIR BULYST OG
ENDA BETRE TENESTER I VALLE**

Program for Valle AP 2023-2027

Vårt mål er å sikre gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Me må ha ein offentleg sektor som stadig utviklar tenestene i samspel med innbyggjarane i kommunen. Arbeid for alle er 1. prioritet. Dei beste resultatata kjem ved å stå saman og arbeide for fellesskapet. Me vil skape meir bulyst og har som mål og auke folketalet

Organisasjonen Valle Kommune

I perioden 2023-2027 skal det setjast av midlar til meir vedlikehald av kommunale vegar, og energiøkonomiske tiltak på kommunale bygg som til dømes solceller.

Valle kommune skal vere attraktiv arbeidsplass for dei tilsette med gode moglegheiter til å utvikle seg gjennom vidareutdanning og meir ansvar.

Ha lærlingar i organisasjonen til ein kvar tid.

Valle AP meiner at kommunikasjon og formidling internt og eksternt i kommunen er utruleg viktig. For at Valle kommune skal oppnå eit særst godt og aktivt informasjonsarbeid og omdømebygging vidare framover, vil me leggje til rette for ei heiltidsstilling som kommunikasjonsansvarleg i Valle kommune.

Valle kommune skal vere effektiv og ein truverdig forvaltningsorganisasjon med god sakshandsaming og økonomistyring.

Valle kommune skal vere gode på næringsutvikling.

Valle kommune skal vere ein god bidragsytar på klima og miljø. Valle kommune skal til ein kvar tid ha gode langsiktige planar.

Valle kommune skal vere ein pådrivar for godt samarbeid i Setesdal med meir samarbeid på tvers av kommunane.

Oppvekst Me skal arbeide for:

- Valle AP skal sikre at Valle skule er framtidsretta både for elevar og tilsette. Valle skule og båe barnehagane skal alltid ha gode rammer med nok ressursar. Barnehagane skal være staden der læring og leik går hand i hand.
- Valle AP vil innføre gratis barnehage. Nulltoleranse for mobbing.
- Vidareføre kommunalt utdanningsstipend.
- Lærlingar tildelast utdanningsstipend første året av læretida.
- Vere ein god støttespelar for Setesdal Vidaregåande skule og Setesdal Folkehøgskule. Vidareføre sommarjobb for ungdom.
- Vidareføre sponing av sesongkort til Brokke Alpinsenter.

Eldreomsorg Me skal sørje for:

- Eit tilbod på Bygdeheim og Open omsorg som er godt og trygt. Kvalifisera helsepersonell og ordningar for å behalde og rekruttere. Velferdsteknologi til nytte for brukarane.
- Bygdeheimen skal fornyast trinnvis i denne perioden.
- Sjå til at dei eldre ikkje vert utsett for utanforskap med gode tenester i heimen sin.
- Me vil jobbe for at det kjem fleire omsorgsbustader/leilegheiter sentrumsnært på Rysstad og i Valle.

Kyrkja Me skal arbeide for:

- Historisk og kulturelt er Kyrkja i ei særstilling i vårt samfunn. Kyrkja skal ha ein god økonomi og gode tenester i vår kommune.

Helse og Folkehelseiltak Me skal arbeide for:

- Tannhelsetenesta skal framleis vere i Valle med ei god teneste i regi av Fylkeskommunen. Me skal jobbe for å få faste dagar med kjeveortoped i Valle, og at dette kan vere til nytte for heile dalen.
- Lett tilgjengeleg helseteneste og trygggleik for innbyggjarane. Vurdere opning av fysioterapibassenget.
- Helsetenesta må yte dei tenestene skulen til ei kvar tid etterspør for elevane.
- Me vil prioritere arbeid med universell utforming, slik at Valle Kommune også skal vere ein god stad å bu for personar med funksjonsnedsetting.
- Vere ein aktiv eigarkommune i Midt Agder friluftsråd.
- Tilretteleggje for fleire turløyper der kommunen har ansvaret for avtaler med grunneigarar. Me vil ha gangbru mellom Øyne, Honneveje og Homme/Tveitebø.
- Badeplassane skal ha godt vedlikehald og vere godt sikra for allmenheta. Brokke og Bjørnevatn skal ha gode skiløyper.
- Uavhengig av foreldra sin økonomi, skal alle barna i kommunen ha tilgang til vinteraktivitet i Brokke.
- Frivillige lag og organisasjonar skal ha høg prioritet.
- Me vil utvikle meir sentrumsnære aktivitetar i sentrumsområdene og Valle skule/Valle kultursenter.

Kultur Me skal arbeide for:

- Kulturskulen blir ein gratis teneste for alle born opp til 16 år. Kulturskulen må fremje den immaterielle kulturarven.
- Stø arbeidet med kulturarven og vidareføre UNESCO statusen. Stø lag og foreiningar med kulturmidlar.
- Setesdalsmuseet og Bygningsvernsenteret skal vere leiande innan kulturminnearbeidet i Agder, og fleire område med kulturminne skal merkast.
- Vidareføre idrett og kulturstipend. Godt samarbeid med Valle IL.
- Me vil sikre at Valle kommune bidreg til realisering av Setesdal Stavkyrkje.

Næring/naturressursar/samferdsel Me skal arbeide for:

- Leggje til rette for eksisterande og nye bedrifter som vil satse i Valle. Landbruket er særst viktig og skal ha gode tilskotsordningar til næringa og for verdiskaping/busetnad i kommunen.
- Vidareføre tilskot til bedrifter som tek inn lærlingar og trainear. Me vil vurdere ein auke i bustadtilskot.
- Snøscooteren skal vere ein del av fritida i kommunen. Sentrumsutvikling i Valle og på Rysstad skal prioriterast.
- Valle kommune skal vere proaktiv og utviklast vidare som eit godt reisemål i Setesdal. Utviding av næringsområde på Rysstad.
- Fortsetje arbeid med fjerning av krypsiv i Otra. Me jobbar for opprusting av vannkrafta.
- Me skal kjempe for konsesjonskrafta vår, slik at den ikkje vert utarma av Staten. Me skal kjempe for at me får nytte vår natur til skuterkjøring
- Godt vedlikehald av kommunale vegar. Gul stripe på RV 9 til Haukeli.
- Me ynskjer at Brokke/Suleskardvegen vert hellårsveg. Vidareføre gang og sykkelveg frå Rysstad til Helle langs RV9.

Våre kandidater ved valget 2023–2027

Våre kandidater ved valget 2023–2027

1. Kim Pedersen, 1975
2. Hildeborg Homme, 1956
3. Kjell Ove Tveiten, 1970
4. Stine B. Johannessen, 1996
5. Knut Gunnar B. Solli, 1977
6. Lill-Grete Tveiten Homme, 1971
7. Ida Mari J. Steinhaugen, 1988
8. Stina B. Hovet, 1991
9. Htoo Thaw David, 1979
10. Torleiv Løyland (Leite), 1946
11. Baba Bougharyoun, 1973
12. Gyro Uppstad, 1944
13. Runar Bratteland, 1996

Våre verdier:

Rettferdig • Bærekraftig • Åpne og innovative

Godt valg!

